

Therese
Stølen 11A
5911 ALVERSUND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/7307 - 23/58268

Saksbehandlar:
Laila Bjørge
laila.bjorge@alver.kommune.no

Dato:
12.07.2023

Svar på førespurnad som gjeldt veterinærvakt

Skal prøva å svara på spørsmåla dine som gjeld korleis vaktordninga fungerer

Alver kommune er administrasjonskommune for Nordhordland vakt-distrikt som i tillegg til Alver omfattar kommunane Austrheim og Fedje. Vaktordninga er betalt av staten, men administrert av kommunen. Agnete Kvammen v/ Knarvik Dyreklinikk sett opp vaktlister og sender timelister til kommunen for utbetaling. Satsene er fastsett av staten.

I Nordhordland vakt-distrikt har me ikkje eigen smådyrvakt slik som enkelte av dei større byane. Dei me rekrutterer er produksjonsdyr veterinærar som og har kunnskap om smådyr.

Etter ein periode med 2 og 3 delt vakt har det i dei siste 3 åra vore 4.delt vakt, og det gjev ei meir høveleg vaktbelastning for den enkelte og det er lettare å rekruttera til ei slik vaktordning.

Me har ei ordning med driftsstøtte for dagdrift. Bakgrunnen for denne er at næringsgrunnlag for veterinærar er for dårleg i distriktet. Det er lange avstandar i vakt-distriktet og det minkar på tal bønder. Dårlig infrastruktur og store avstandar i regionen gjer at det går mykje tid i reising. Før me fekk på plass den ordninga me har no var det nesten uråd å rekruttera og behalde veterinærar.

Me hadde i slutten av 2020 ute anbod på Doffin for veterinærtjeneste på dagtid. Det var eit vilkår for driftsstøtte er at dei deltok i veterinærvakt. 4 tilbydarar melde seg og me signerte nye avtalar, som vart gjeldande frå 9. februar 2021.

Avtale om kjøp av veterinærtjenester er inngått i perioden frå 2021 til 2025 (4 år) med opsjon på ytterlegare 2 år.

Det er inngått avtale om kjøp av veterinærtjenester med 4 driftstilskot frå 3 aktørar:

1. Knarvik dyreklinikk org.nr. 995612909 v/Lars- Fredrik Sætre – 2 tilskot
2. Hallgrim Andersen org.nr. 983798128 – 1 tilskot
3. Carl Aage Wangel org.nr. 970450688 – 1 tilskot

Avtalen gjeld driftstilskot på kr. 156 000 per år per tilskot.

Me har ikkje planar om å lya ut nye anbod før tidlegast i 2025, dersom ikkje det vert oppseiing av avtalar før det. Det er dessverre ikkje noko tilskotsordning frå staten til smådyrvakt som eg kjenner til.

Ta gjerne kontakt med Agnete Kvammen for å høyra litt meir om korleis dei løyser akutt sjukdom hjå smådyr. Veit at alle vaktdeftakarane behandlar så langt dei har kapasitet, men hen viser vidare til Bergen om det er oppdrag dei ikkje kan løysa sjølv.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Landbruk

Laila Bjørge
Avdelingsleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Therese

Stølen 11A

5911

ALVERSUND